

Opplæringskontoret for Nordhordland
v/Lillian Vabø Mongstad
Hagellia 4
5914 Isdalstø

2. desember 2014

Vi viser til brev frå Opplæringskontoret for Nordhordland av 24. november 2014 som viser til eit møte for TAF-bedriftene i Nordhordland 21. november. På dette møtet tok ein opp skulen sitt tilbud om ekstra matematikkundervisning for elevane i 1. klasse TAF. Skulen undrar seg over at den ikkje var invitert til dette møtet slik at saka kunne ha vore betre drøfta og der vedtaket og brevet frå Opplæringskontoret hadde hatt eit betre kunnskapsgrunnlag.

Skulen meiner at den har informert grundig om tilbodet om ekstra matematikkundervisning, men vi vil her ta denne historikken på nytt.

Bakgrunnen for dette tilbodet har vore at svært mange elevar som byrjar på TAF har eit dårleg grunnlag i matematikk, trass i at dei har svært gode karakterar frå grunnskulen. Vi har ikkje ønskt å forska i djupna på dette og har heller vore opptekne av å finna botemiddel. Tilbodet om ekstra matematikkundervisning er å sjå på som "tidleg innsats" for elevar som skal ha tung teoretisk matematikk over fleire år.

På TAF-rådsmøtet for TP og EL-bedriftene 9. mai 2012 vart det vedtatt å setja i gang eit tilbud om ekstra matematikkundervisning frå hausten. I referatet står det:

"Timer til ekstraundervisning i matematikk. Møtet diskuterte ulike sider ved de utfordringene skolen og elevene har i matematikkfaget. Vi var enige om at det er viktig å sette inn tiltak så raskt som mulig. Bedriftene er i utgangspunktet villige til å dekke kostnader til ekstra matematikkundervisning. Skolen lager et skisse til organisering og presenterer kostnadene fordelt på den enkelte bedrift som tar inn 1. klassinger i år.!"

Dette TAF-rådet dekker berre drøyt halvparten av av alle elevane på TAF og det vart difor sendt eit brev til alle bedriftene i samband med denne ordninga. Brevet er dater 24. august 2012 (vedlegg) og det er to viktige moment i brevet som Opplæringskontoret kan merka seg: Bedriftene kunne reservera seg og bedriftene kunne la elevane delta, men trekka dei for løn desse 4 dagane.

Vi har hatt to kommunar tidlegare som har reservert seg. Elles har det ikkje vore alvorlege innseiinga mot dette tilbodet.

Vi vil elles gjera merksam på at Knarvik vidaregåande skule for kvart kull finansierer 4 ekstratimar i dei tunge realfaga. Dette inneber t.d. at elevane på TAF-HO/HS får 1 ekstratime i Kjemi 1 og 1 ekstratime i Kjemi 2. Fram til no har vår grunngjeving vore at desse elevane har

lange arbeidsveker i høve til elevar på studiespesialisering og difor mindre tid til leksearbeid. Dette tilbodet kostar no skulen kr 200000 i året.

Skulen vil med bakgrunn i brevet frå Opplæringskontoret sjå på andre løysingar for ekstratilbodet i matematikk. Ei løysing er at skulen inngår skriftlege avtalar med kvar einskild bedrift der bedriften kjøper ekstraundervisning i matematikk for deira TAF-elevar i 1. klasse. Tilbodet vil difor berre omfatta desse elevane.